



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Å våge å sjå born

Frå bekymring til handling

Dare to see children

From concern to action

Victoria Næss Bø

Bachelor i Sosialt arbeid
Fakultet for helse- og sosialvitenskap
Institutt for Velferd og deltaking
Rettleiar: Sollaug Burkeland
24.05.2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

Abstract

We know that some children live with neglect in Norway today. Many do not get necessary help from the professionals who meet them in their everyday lives. In this project I will take a close look at what happens from when a kindergarten teacher thinks about something worrying a child does or says, until concrete action happens, in form of a message to the child welfare service. Statistics show that more than one out of five children get abused by their parents. This is important to uncover.

The question for the project is; What happens from a concern for a child's care situation to this concern is converted into specific action at work with children in a kindergarten context. To collect empirical data on this issue I have completed two qualitative interviews. I have chosen qualitative interviews because it is expedient to conduct an interview in order to obtain experiences that the kindergarten staff has information about.

During my interviews, I had several questions related to the child's parents. And some questions about the relationship with parents. One of the things I found in this project is that kindergarten teachers are afraid of losing the good relationship with parents. It has also become clear that the background to the child's parents can influence on how the staff in kindergarten acts. Another important finding is how important knowledge and cross-professional collaboration are in relation to this topic.

Innhold

1.0	Innleiing og bakgrunn	4
1.1	Presentasjon av problemstilling	5
1.2	Sosialt arbeid si relevans i forhold til temaet	5
1.3	Avgrensing av oppgåva	6
1.4	Omgrepsavklaring.....	6
1.5	Disposisjon for oppgåva.....	8
2.0	Metodisk innfallsvinkel	9
2.1	Kvalitativt intervju av tilsette i barnehage	9
2.3	Forskningsetikk og metodiske problem	11
2.4	Litteraturstudie for å supplere datamaterialet	12
2.5	Kjeldekritikk	13
2.6	Validitet	13
3.0	Presentasjon av feltet	14
3.1	Barnehagen som arena.....	14
3.2	Lovverk som er relevant for feltet	15
3.3	Svikt og svik	16
4.0	Teorikapittel	17
4.1	Systemverd og livsverd.....	17
4.2	Relasjonelt perspektiv	19
4.3	Maktperspektiv	20
4.5	Tverrprofesjonelt samarbeid	21
5.0	Drøfting: Frå bekymring til handling i barnehagen	21
5.1	Bekymring knytt til relasjonen til foreldre	22
5.2	Bakgrunnen til foreldre	26
5.3	Kunnskap, kompetanse og tverrprofesjonelt samarbeid	30
6.0	Avslutning	33
7.0	Referanseliste.....	35
	Vedlegg 1 – intervjuguide	39
	Vedlegg 2 – informasjonsskriv	41

1.0 Innleiing og bakgrunn

Omsorgssvikt og barnemishandling er både underrapportert og underdiagnostisert. Vi veit at nokre born vert utsett for, og lever med omsorgssvikt i Noreg i dag. Mange av desse vert ikkje oppdaga av profesjonane som møter dei utanfor heimen. I denne bacheloroppgåva ynskjer eg å sjå på kva som skjer frå ein barnehagelærer tenkjer over noko bekymringsfullt eit barn gjer eller seier, til det skjer konkret handling i form av melding til barnevernet.

Statistikk viser at meir enn eit av fem born vert utsett for fysisk vald frå foreldra sine (Bufdir, 2018). I 2017 gjennomgjekk barneverntenesta meldingar for fire og ein halv prosent av barnebefolkninga i Noreg. Barneverntenesta (femten prosent), politi (fjorten prosent) og skule (tolv prosent) er dei som melder mest. Barnehagen står for fem prosent av alle meldingar (Bufdir, 2018). På bakgrunn av desse tala ynskjer eg å forstå kvifor det vert sendt færre meldingar frå barnehagen enn frå dei andre nemnte instansane. Barnehagen er ein av dei instansane som har mest kontakt med småborn, dette gjer at tala frå Bufdir er påfallande. Eg har nyleg delteke på tverrprofesjonelt undervisningsopplegg med studentar frå barnehagelærerutdanninga. Då vi diskuterte dette temaet i grupper, fekk eg ei oppfatning av at vi hadde dels ulike oppfatningar kring temaet. Alle ynskte det beste for borna, men eg sat att med ei kjensle av at relasjonen til foreldra var eit vel så viktig tema, og at det var ein del usikkerheit kring barnevernet som samarbeidsinstans i høve der ein er bekymra for eit barn. Problemstillinga i dette prosjektet er formulert slik at eg kan svare på spørsmål knytt til dette temaet.

1.1 Presentasjon av problemstilling

Eg har på bakgrunn av mine refleksjonar over valt å formulere problemstillinga for denne bacheloroppgåva slik;

”Kva skjer frå det oppstår bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon til denne bekymringa vert omsett til konkret handling i arbeid med born i ein barnehagekontekst?”

For å samle empiri om denne problemstillinga har eg gjennomført to kvalitative intervju. For å drøfte problemstillinga, definerte eg kategoriar med utgangspunkt i problemstillinga og datamaterialet. Desse er: Bekymring knytt til relasjonen til foreldra, bakgrunnen til foreldra og kunnskap, kompetanse og tverrprofesjonelt samarbeid. I denne oppgåva er det barnehagelærarar som er utgangspunkt, eg har intervjuet to barnehagelærarar i to forskjellige kommunar.

1.2 Sosialt arbeid si relevans i forhold til temaet

Dette er eit barnevernsfagleg prosjekt og ei barnevernsfagleg oppgåve, som er eit relevant felt for sosionomar. Lova om barnevern inneheld ingen klare krav til kompetanse i det kommunale barnevernet, men om lag 75 prosent av dei tilsette i det kommunale barnevernet har utdanning som barnevernspedagog eller sosionom (Bufdir, 2018). Det yrkesetiske grunnlagsdokumentet for sosionomar handlar om at yrkesutøvinga til sosionomar er basert på humanistiske og demokratiske verdiar. Det yrkesetiske grunnlagsdokumentet har vore ein grunnmur i mitt prosjekt og vil vere ein del av fundamentet i denne oppgåva. Sosionomar har som samfunnsoppdrag å hjelpe menneske som har behov for hjelp, inn under dette kjem born som vert utsett for omsorgssvikt og overgrep. Sosionomar har som samfunnsansvar å sikre menneskeverdige levekår og livskvalitet. Helse- og sosialfagleg arbeid handlar om både teoretisk og praktisk kunnskap, evne til etisk refleksjon og haldningar prega av audmjukheit, velvilje og respekt (FO, 2015). Eg ynskjer at denne oppgåva skal bære preg av desse verdiane.

1.3 Avgrensing av oppgåva

I byrjinga av prosjektet ynskte eg å fokusere på skule og barnehage, dette fordi eg er oppteken av at born i alle aldrar vert følgt opp av instansane rundt seg. Valet om å fokusere på barnehage er teke på grunnlag av statistikken eg fann då eg byrja på prosjektet. Dersom eg skulle fokusert på både born i barnehage og skule, hadde prosjektet blitt for breitt. Ei anna avgrensing eg har teke er å fokusere på grov omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Det kan førekome fleire utfordringar knytt til born i barnehage, det er dei alvorlege tilfella eg omtalar i dette prosjektet. Eg trur nokre utfordringar kan løysast i barnehagen gjennom dialog med foreldra, men i denne oppgåva vil eg fokusere på alvorleg omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Eg vil vidare i oppgåva definere nemnte omgrep.

1.4 Omgrepsavklaring

I denne delen av oppgåva vil eg definere omgrep som er relevante utifrå problemstillinga. Eg vil avklare desse omgrepa då dei kan oppfattast og tolkast ulikt.

Med omgrepet omsorgssituasjon meinast alle forhold ein familie lever under som kan tenkjast å ha betydning for bornas moglegheiter til å få dekkja viktige behov, og ha gode læringmoglegheiter, slik at det utviklar adekvat eller tilstrekkeleg kompetanse (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 118-119). Omsorgssituasjonen omfattar fleire forhold, knytt til foreldra og barnet. Når omsorgssituasjonen skal undersøkjast, skal alle observasjonar vurderast ut frå kva betydning dei har for barnets utsikter til å få dekkja viktige behov, og til å utvikla nødvendig kompetanse (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 119).

Med omsorgssvikt forstår vi at foreldre, eller dei som har omsorga for barnet, utsetter det for psykiske og/eller fysiske overgrep eller vanskjøttar det så alvorleg at barnets fysiske og/eller psykiske helse og utvikling står i fare, eller dei utsetter barnet for seksuelle overgrep og vald. Omgrepet brukast også om born som er i fare på grunn av samlivsvald, vanskelege skilsmisser eller foreldra sin tilstand, som ved rusmiddelbruk, alvorlege psykiske lidingar eller utviklingshemming (Killèn, 2015, s. 17).

Omgrepet omsorgssvikt kan variere ut i frå kva fagperson som definerer det. Eit av problema knytt til omgrepet, er forholdet mellom omsorgssvikt og mishandling. I nokre tilfelle vert desse to omgrepa behandla under eit, i andre tilfelle vert dei separert (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 118). I dag er det vanleg å bruke omsorgssvikt som ein samlebetegnelse på det som kan kallast for grå omsorgssvikt, det vil seie generell forsømming og vanskjøtte (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 118).

Barn kan oppleve vanskjøtte både fysisk og psykisk. Det har vore vanleg å tenkje på vanskjøtte som mangel på fysisk omsorg. Men vanskjøtte omfattar også manglande dekking av barnets kognitive, emosjonelle eller sosiale behov. Dette er foreldre som ikkje engasjera seg emosjonelt positivt i barnet (Killèn, 2015, s. 40). Omsorg for born kan ikkje lausrivast frå tida eller kulturen vi lever i eller den etnisitet vi tilhøyrar. Definerings av omsorgssvikt vil derfor variere i samanheng med dette. Omsorg for born kan heller ikkje lausrivast frå bornas føresetnadar og omsorgsbehov (Kvelling, 2008, s. 36).

Klinisk erfaring og forskning om omsorgssvikt har gjennom mange år dokumentert at mange born lid, og at ulike former for risiko og omsorgssvikt har alvorlege konsekvensar for borns psykiske, fysiske, kognitive så vel som sosiale utvikling. Born kan vere utsett for ein eller fleire former for omsorgssvikt. Det gjeld fysiske overgrep, emosjonell vanskjøtte, psykiske overgrep og seksuelle overgrep. I familiar som strevar med alvorlege psykososiale belastningar, er det sannsynleg at emosjonell vanskjøtte og psykiske overgrep er dei formane for omsorgssvikt born er mest utsett for (Killèn, 2019, s. 34).

Vald kan bli sett på som bruk av makt utover det som er rimeleg og lovleg, vald kan vere mykje meir enn berre slag og spark (Nordhaug, 2018, s. 28). I dag er det vanleg at kategorien vald inneheld både fysisk og psykisk vald. Psykisk vald inneheld handlingar som trakassering, avvising, latterliggjerings, ignorering og isolering (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 118). Fysisk vald kan vere å slå, sparke, klype og dytte. Den ytste konsekvensen av slik vald er drap (Nordhaug, 2018, s. 29).

Seksuelle overgrep er relevant å inkludere fordi nokre born i barnehagealder vert utsett for dette, det er difor viktig å inkludere det for å kunne avdekkje det i større grad enn no. Det er vanskeleg å gje ein oversikt over førekomst av seksuelle overgrep, dels fordi forskjellige definisjonar ligg til grunn for dei ulike studiane, men aller mest fordi dei ofte vert haldt skjult og nekta for. Mørketala for seksuelle overgrep er dermed høge (Kvelling, 2008, s. 281). Søftestad skildrar seksuelle overgrep som seksuelt krenkande eller anna uanstendig åtferd både med og utan fysisk kontakt (Søftestad, 2005, s. 39).

1.5 Disposisjon for oppgåva

Vidare i oppgåva vil eg starte med å presentere metodisk innfallsvinkel, og der vil eg gå inn på korleis eg har samla inn data. Eg skal forklare korleis eg rekrutterte informantar og korleis dei kvalitative intervjuja gjekk føre seg. Eg tek deretter føre meg sentrale tema knytt til forskningsetikk og eg viser til metodiske problem. Deretter forklarar eg korleis eg også gjorde litteratursøk for å supplere det empiriske materialet mitt. Dette kapittelet vert avslutta med kjeldekritikk og ei bedømming av oppgåva sin validitet. Deretter vil eg gje ein presentasjon av det aktuelle feltet, for å gje lesaren ein kontekst for seinare diskusjonar. Her kjem eg inn på barnehagen som arena, lovverk som er relevant for feltet og ein NOU kalla Svikt og svik, som underbygger relevansen til oppgåva. Det neste kapittelet utgjer det teoretiske rammeverket mitt og her skal eg forklare system- og livsverd, relasjonsomgrepet, maktomgrepet og tverrprofesjonelt samarbeid. Den viktigaste delen av oppgåva er drøftingskapittelet der eg diskuterer kategoriane eg gjorde greie for i tilknytning til utforminga av problemstillinga mi.

2.0 Metodisk innfallsvinkel

Metode er ein framgangsmåte og eit hjelpemiddel til å løyse problem og kome fram til ny kunnskap. Metoden fortel oss korleis vi kan gå fram for å skaffe eller etterprøve kunnskap (Dalland, 2017, s. 50). Arbeid og forskning med menneske krevjar kunnskap om heile mennesket. Det er difor viktig å forstå dei ulike kunnskapstradisjonane. Det er to kunnskapstradisjonar eller vitenskapssyn som er overordna. Det første synet har opphav i naturvitskapen sin tradisjon med studiar av den fysiske naturen og vert kalla positivisme. Medan det andre synet har opphav i humanvitskapen med studiar av menneske og menneskeskapte fenomen, dette vert kalla hermeneutikk (Dalland, 2017, s. 50). I mitt prosjekt har eg valt å bruke hermeneutikk som bakgrunnsteppe og kvalitativ metode som konkret metodisk innfallsvinkel. Kvalitative metodar vektlegg ofte nærleik som eit viktig element for å kunne oppnå forståing for andre menneskes oppfatning av verkelegheita (Jacobsen, 2013, s. 24). Som framgangsmåte har eg intervjuet to barnehagetilsette som på dagleg basis arbeidar med born i barnehage. I tillegg har eg nytta litteraturstudie for å underbygge forskingsmaterialet mitt.

2.1 Kvalitativt intervju av tilsette i barnehage

Eg har valt å nytte meg av kvalitativt intervju, då det utifrå problemstillinga er hensiktsmessig å gjennomføre intervju for å få tak i opplevingar og meiningar barnehagelærarar har om det å melde bekymring til barnevernet. Eg ynskte å forstå menneske som arbeidar tett på born i barnehage og skape kunnskap av deira erfaring. Eg som intervjuar og den eg intervjuet skapar kunnskap saman. Intervjukunnskap produserast i ein samtalerelasjon; den er kontekstuell, språkleg, narrativ og pragmatisk. Dette vil sei at samtalerelasjonen skal ha ein samanheng med temaet, vere forteljande og ha praktisk nytte. Dette synet på intervjukunnskap står i motsetnad til eit metodologisk positivistisk vitenskapssyn der kjensgjerningar skal kvantifiserast (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 36-37).

Eg skal no forklare forma i eit kvalitativt intervju ut frå eit fenomenologisk inspirert perspektiv. Eit semistrukturert livsverdintervju brukast når tema frå dagleglivet skal verte forstått ut frå informantens eigne tankar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 46). Eg har vald å bruke eit semistrukturert livsverdintervju for å forstå korleis tankar som oppstår hjå informanten knytt til bekymring for eit barns omsorgssituasjon. Eg hadde laga ein intervjuguide på forhand med relevante spørsmål, men kom med tilleggsspørsmål undervegs når informantane svarde og fortalde.

Livsverd er eit sentralt omgrep i den filosofiske fenomenologien. Dette handlar om at kroppen og sansane er den viktigaste tilgangen til mennesket si bevisstheit om seg sjølv, kunnskap om verden og menneska i verden. Livsverd er knytt opp mot kroppsleg kunnskap frå kulturelle erfaringsfærar som familie, utdanning og arbeid. Det er fleire sfærar som eksisterer parallelt i same samfunn. Livsverdkunnskapen er kroppsleg, implisitt eller tatt for gitt kunnskap som vi opptrer ureflektert innanfor og ikkje problematiserer. Vi brukar den i vårt daglege liv til å forstå og fungere i verda (Vagli, 2016, s. 101). Eg var interessert i å få tak i den livsverdkunnskapen informantane hadde knytt til kva som skjer frå bekymring for eit barns omsorgssituasjon til konkret handling i arbeid med born i barnehage.

Forma for intervju eg har valt søker å innhente skildringar av informantens livsverd, og med dette særleg fortolkingar av meininga med fenomena som vert beskrive. Denne forma for intervju ligg nært opp til ein samtale i dagleglivet, men har profesjonelt intervju som formål. At det er semistrukturert vil seie at det verken er ein open samtale eller eit lukka spørjeskjema (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 46). Intervjuet vart gjennomført med ein intervjuguide som sirkla inn tema og innehaldt forslag til spørsmål innanfor desse. Intervjua har vorte transkribert, og den skrivne teksten og bandopptaka utgjer til saman materialet for drøftingsdelen av denne oppgåva.

Eg utarbeida intervjuguide og informasjonsskriv i førekant av intervjua. Intervjuguiden innehaldt sju kategoriar med ulike tema: Relasjonen til foreldra, bekymringar og uro knytt til born, kunnskap og kva det gjer med bekymringar, bekymringsmeldingar, samarbeid, foreldra til barnet og ønska endringar. Innafor kvart tema vart informantane stilt spørsmål knytt til desse, i tillegg til at eg kom med oppfølgingsspørsmål utifrå kva dei svara. Nokre døme på dei planlagde spørsmåla er: Kor viktig er det med ein god relasjon til foreldra til borna i barnehagen? Korleis er det å ta ansvar i ein sak om eit barn som kanskje er utsett for omsorgssvikt?

I den breie fenomenologiske tilnærminga til intervjuet har vi ein tendens til å sjå på intervjuet som eit reint forskingsverktøy og det intervjupersonen seier som ein deskriptiv rapport om opplevingar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 65). Ved å nytte fenomenologiske tilnærmingar hadde eg som mål å komme så nær som mogleg ein presis skildring av kva informantane opplever. Då eg hadde intervjuet var problemstillinga grunnlag for alt som vart spurd om. Målet var å få ei presis skildring av kva som skjer frå bekymring for eit barns omsorgssituasjon til konkret handling i arbeid med born i barnehage. Kvalitativ forskning kan gje overbevisande skildringar av den kvalitative verda, og det kvalitative intervjuet kan tilføre velfundert kunnskap om vår samtaleverkelegheit. Epistemologi er filosofi om kunnskap og rommar er langvarig diskusjon om kva kunnskap faktisk er og korleis oppnå den (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 69).

Eg ynskte å utvikle ny kunnskap om bekymring for born sin omsorgssituasjon og kva som fører til konkret handling. Eg meiner at slik kunnskap er viktig for at born skal få ein mest mogleg trygg oppvekst både i barnehagen og heime. Kunnskap skal løyse problema og utfordringane vi står ovanfor og legge grunnlaget for ei god framtid (Kleppe, 2015, s. 125). Kritisk kunnskap handlar om å avdekke og forklare ulike samfunnsmessige forhold og korleis desse forholda påverkar menneske sine levekår. Den kritiske kunnskapen kan verte brukt til å endre uønskte forhold. Ny kunnskap gir grupper og menneske grunnlag til å handle (Dalland, 2017, s. 59).

2.3 Forskningsetikk og metodiske problem

For at informantane skulle kunne gje meg kunnskapen sin, var eg avhengig av tillit. Dette handlar om at informantane opplever at dei blir skikkeleg ivaretekne når dei bidreg til mi forskning. Eg måtte tenkje i gjennom kva etiske utfordringar arbeidet mitt medførte, og korleis dei kunne handterast. Kva etiske spørsmål vi bør stille i byrjinga av ei intervjuundersøking er viktig å reflektere over. Eg brukte tid på å skaffe informert samtykke, oppnå fortrulegheit, forklare konsekvensar og utdjupe forskaren si rolle. Informert samtykke handlar om at informantane informerast om undersøkinga sine overordna formål og om hovudtrekka i designen, og mogelege risikoar og fordelar ved å delta i prosjektet. Informert samtykke inneber at eg sikra at dei involverte deltok frivillig, i tillegg til å informere dei om deira rett til når som helst å trekke seg ut av undersøkinga (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 104).

Eg la vekt på å skape ei god ramme, samstundes som eg prøvde å vere profesjonell. Informantane si stemme vart høyrd, samstundes som eg informerte tydeleg om kva intervjuet innebar og kva rettar informantane hadde kring innsamlinga av kunnskap. Den eine informanten min gjentok fleire gonger at ho ikkje ynskte å bli identifisert av andre. Ho ville gjennom heile prosessen gjennomføre intervjuet, men påpeikte at det var viktig for ho å vere anonym. Eg har gjennom heile prosessen trygga ho i at det ikkje er mogeleg at ho vert identifisert, det har vore viktig at eg har vore både open og tydeleg på dette.

Eg oppmoda informantane til å ikkje bruke namn, fortelje om konkrete born eller vise til andre detaljar som kan vere sensitivt. Eg hadde eit ynskje om å nytte meg av bandopptakar under begge intervju, men den eine informanten ynskte at eg noterte i staden. Dette førte til at eg ikkje fekk spurd like mange oppfølgingsspørsmål som på det intervjuet med bandopptakar. Det var viktig for meg at informantane ikkje følte at dei måtte takke ja til bruk av bandopptakar, eg skreiv difor i informasjonsskrivet at eg kunne notere dersom det var ønskeleg.

2.4 Litteraturstudie for å supplere datamaterialet

I tillegg til kvalitativ metode har eg nytta meg av litteraturstudie i oppgåva. Ved å nytte litteraturstudie som metode brukar ein eksisterande forskning og litteratur om temaet. Det var viktig for meg å utføre kvalitative intervju for å skaffe fram ny kunnskap om temaet. I tillegg ynskte eg å underbygge dette med relevant litteratur. Det var også interessant å sjå på kva som allereie finst av forskning på feltet. Databasane eg nytta meg av for å finne litteratur var Oria, Idunn og Scopus. Eg starta med å gjer eit konkret og smalt søk som gjekk direkte på problemstillinga mi, eg skjønnte fort at eg måtte utvide søkeorda mine. Eg gjorde eit breiare søk for å finne relevant forskning og brukte søkeorda seksuelle overgrep-vald-omsorgssvikt-barnehage-bekymring-barn. Ved å nytte meg av nemnte databasar og søkeorda fant eg litteratur som bygde opp under mitt empiriske studie.

Den første kjelda eg fant som eg tykte var relevant for arbeidet mitt var: Nordhaug, (2018), *Kva ser vi – kva gjer vi: Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Ved å lese samandraget til boka fekk eg inntrykk av at dette var litteratur som var relevant for problemstillinga mi.

Litteratursøket mitt resulterte også i at eg fann Killèn sin litteratur: Killèn, (2015), *Sveket I: Risiko og omsorgssvikt – et helseproblem og tverrfaglig ansvar*. Og Killèn, (2019), *Sveket II: Ansvar og (be)handling*. Etter lesing av samandraga til denne litteraturen ville eg lese meir, då Killèn omtalar mange aspekt kring problemstillinga mi.

2.5 Kjeldekritikk

Kritikk av kjelder er viktig for å fastslå om ei kjelde er sann. Dette gjer ein ved å vurdere og karakterisere dei kjeldene som vert nytta. Kjeldekritikk er eit samleomgrep for metodar som vert brukt for å skilje verifiserte opplysningar frå spekulasjonar (Dalland, 2017, s. 67-68). Eg har sett på to sider ved kjeldekritikk, den første handla om hjelp til å finne fram til den litteraturen som best mogeleg kunne belyse mi problemstilling. Det andre handlar om å gjer greie for litteraturen i oppgåva mi. Sjølv om eg har vald empirisk studie, har eg brukt litteraturstudie til å finne litteratur knytt til studiet mitt. Eg vil no vurdere to av dei viktigaste kjeldene mine, som er litteratur frå Nordhaug og Killèn. Nordhaug er ein anerkjent fagperson på området, han har i mange år undervist om temaet på universitet og høgskular. Eg har sjekka DBH og forlaget til Nordhaug si nettside, Fagbokforlaget er eit forlag med høgt vitenskapleg nivå. For å sikre at forskinga held kvalitet innanfor fagtradisjonen, skal all forskning fagfellevaluerast. Dette er gjort med både Killèn og Nordhaug sin litteratur. Når eg les anna litteratur på feltet, vert Killèn mykje sitert. Det kan indikere at litteraturen er sentral og lest av mange, men det kan også bety at litteraturen er mykje diskutert fordi den er kontroversiell. Eg har brukt desse kjeldene til å svare på spørsmål knytt opp mot temaet mitt, og til å underbygge datamaterialet mitt.

2.6 Validitet

Å gjennomføre undersøkingar etter vitenskaplege prinsipp og krav krevjar systematikk og openheit. Forsking og undersøkingar kjenneteiknast av systematisk innsamling, behandling og presentasjon av data. Openheit handlar om at systematikken skal vere slik at andre skal ha innsyn og kunne vurdere kor god undersøkinga er (Jacobsen, 2013, s. 18). Empirien må vere gyldig og relevant, då er den valid. Den må også vere påliteleg og truverdig, då er den reliabel (Jacobsen, 2013, s. 19).

Eg har gjennomført ei empirisk studie og resultatane kunne vere skapt av undersøkinga dersom eg ikkje hadde hatt nok kunnskap om metode. Eller dersom eg ikkje hadde gjort ein grundig nok jobb i forhold til datainnsamlinga. Det kan i nokre tilfelle vere korleis undersøkinga er forma som skapar resultatane, dette kallast for undersøkelseteffekt. Kunnskap om metode gjorde at eg kunne reflektere kritisk over dei funna eg kom fram til. Med metodekunnskap har eg kritisk drøfta i kor stor grad resultatane av undersøkinga skuldast metoden, eller om resultatet er eit riktig bilete av verkelegheita (Jacobsen, 2013, s. 19-20). På bakgrunn av at eg både gjorde kvalitative intervju av personar med dybdekunnskap om temaet mitt og gjennomførte litteratursøk, vil eg hevde at eg har klart å belyse problemstillinga mi og at validiteten i oppgåva mi er relativt høg.

3.0 Presentasjon av feltet

I dette kapitlet skal eg gi ein presentasjon av det aktuelle feltet for oppgåva mi. Kapitlet inneheld ein presentasjon av barnehagen som arena, relevant lovverk og gjennomgang av ein NOU som underbyggjer oppgåva si relevans.

3.1 Barnehagen som arena

Barnehagens påverknad på borns utvikling handlar om talet timar barnet er i barnehagen, at dei er der over fleire år og at dei fleste byrjar i barnehagen tidlig i livet. 90 prosent av norske born i alderen eit til seks år har fast plass i barnehagen (Kvelling, 2013, s. 15). Alle barnehagar har sin unike kultur med eigne reglar, sosiale relasjonar og aktørar. Dei sosiokulturelle teoriene om læring er opptekne av at læring skal skje som deltaking i sosiale fellesskap (Gjems, 2011, s. 71-73).

Det er viktig at born går i barnehagen, der lærer dei tidleg å fungere i sosiale kontekstar. Barnehagens innhald skal byggje på læring, omsorg og lek, i tillegg kjem sosial og språkleg kompetanse. Dette er i samsvar med ei tenking som har utgangspunkt i prinsippet om ”barnets beste” (Lillemyr, 2016, s. 31). Utrykket ”barnets beste” kan signalisere at det finst universelle behov hjå alle born, uavhengig av kvar i verda barnet veks opp, og at det eksistera svar på kva eit barn har behov for (Glaser, 2011, s. 53).

”Barnets beste” er grunnleggjande for alle som arbeidar med born, i tillegg må ein forholde seg til forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Rammeplanen for barnehagen har mykje innhald og fleire viktige punkt. Eg vil no gå nærare inn på det i rammeplanen som er relevant for denne oppgåva. I rammeplanen for barnehagen står det blant anna at gjennom den daglege og nære kontakten med borna, er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og motta informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Barnehagen står i særstilling til å kunne observere og vurdere kvart enkelt barn. Dette har dei moglegheit til gjennom dialog med barnet og foreldra og gjennom observasjon. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsatt for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og vite korleis dette kan førebyggast og oppdagast. Det er viktig at dei tilsette i barnehagen har kunnskap om teikn til at born kan vere utsette for noko ulovleg, og i tillegg ha kompetanse til å kunne avdekke og førebyggje dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 22 (Nordhaug, 2018, s. 9). Eg vil no forklare kva opplysningsplikta og anna lovverk inneber for dei som arbeidar i barnehage.

3.2 Lovverk som er relevant for feltet

Det er viktig å understreke at alle menneske har krav på vern mot vald og seksuelle overgrep (Nordhaug, 2018, s. 123). Born har derimot utvida rett slik det er formulert i barnekonvensjonen, og det er kommunen barnet bur i som har ansvar for kvart einskild barn. Kommunen har ansvar for det lokale barnehagetilbodet, og er ansvarleg for at det utarbeidast tverrprofesjonell informasjon, samarbeidsrutinar, kompetansetiltak og møtearenaer som involverer alle barnehagar i kommunen.

Som tilsett i barnehage er det nokre lover og reglar du må forholde deg til i møte med born. Alle som arbeidar i ein barnehage er omfatta av reglar om teieplikt, jf. barnehagelova §20. Teieplikta inneberer eit forbod mot å formidla opplysningar til andre, med mindre det er unntak som gjev deg plikt eller anledning til å likevel å formidle opplysningane (Barne- og likestillingsdepartementet og kunnskapsdepartementet, 2009).

I barnehagelova står det at alle som utfører arbeid i barnehage, skal vere merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå barneverntenesta. Alle som arbeidar i barnehage er omfatta reglar om opplysningsplikt, jf. barnehagelova §22. Det vil sei at ein skal melde i frå utan hinder frå teieplikta når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for manglar med den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvikt (barnehagelova, 2005, §22). Opplysningsplikta er klar, dersom ein ser eller høyrer noko som gir grunn til å tru at eit barn er utsett for noko alvorleg, skal det handlast. Det kan få store konsekvensar for barnet dersom opplysningsplikta ikkje vert halden. I følge ”Svikt og svik” har ikkje opplysningsplikta vore følgt opp slik den skal.

3.3 Svikt og svik

Regjeringa oppnemnte november 2015 eit utval som fekk i mandat å gjennomgå alvorlege saker der born og ungdom har vore utsett for grov vald, seksuelle overgrep og alvorleg omsorgssvikt. Hensikta med dette var å avdekkje om det har førekome svikt i det offentlege tenesteapparatet si handtering av desse sakene. Resultatet av dette var at det i juni 2017 kom ein NOU kalla Svikt og svik. Resultatet var oppsiktsvekkande, ingen av sakene barnevaldsutvalet gjekk gjennom var avdekte av offentlege instansar. ”Det vart klart for oss at eit så teknisk ord som ”systemsvikt” ikkje var dekkande. Dette handlar først og fremst om svik mot born” (NOU 2017:12, s. 11). Eg vil ta utgangspunkt i denne rapporten når eg forklarar kvifor manglande fokus på meldingar til barnevernet er eit relevant og viktig tema. I NOU 2017:12 kjem det fram at klare fysiske teikn på at born har blitt utsett for vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt har blitt oversett, feiltolka eller i liten grad undersøkt av tenestene. Dette gjeld blant anna barnehagen, som er utgangspunktet i denne oppgåva. Utvalet såg fleire eksempel på at synlege kuttskadar, blodspor i munn, blåmerke og hevelsar, som vanskeleg kunne tolkast som anna enn påførte, ikkje vart tolka som det (NOU 2017:12, s. 50). Det vil sei at slike tydelege teikn har blitt oversett eller ikkje lagt merke til av dei som skal ta vare på borna.

Saksgjennomgangen som vart presentert i NOU 2017:12 viser til at det er fleire eksemplar på saker der det burde vore meldt bekymring i mykje større grad og frå fleire aktørar. Det er fleire døme på saker der openbart bekymringsfulle forhold ikkje utløyste bekymringsmeldig ” (NOU 2017:12, s. 53). Resultata til utvalet viser at mange born kunne vore redda frå overgrepa dersom nokon i hjelpetenestene rundt dei hadde lagt merke til og/eller meldt sine bekymringar.

4.0 Teorikapittel

I dette kapitlet skal eg presentere teoretisk innfallsvinkel eg meiner er relevant for å drøfte problemstillinga mi. Kapitlet inneheld teori om systemverd og livsverd, relasjonelt perspektiv, maktperspektiv og tverrprofesjonelt samarbeid. Dette er teoretiske perspektiv som er nyttige for å kunne svare på kva som skjer frå det oppstår bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon, til denne bekymringa vert omsett til konkret handling i arbeid med born i ein barnehagekontekst. Teoretisk perspektiv handlar om å gjer greie for dei teoriane som kan belyse temaet og problemstillinga (Dalland, 2017, s. 186). Med teorien gjev eg eit klart signal om grunnlaget for korleis mine funn vil bli drøfta seinare i oppgåva (Dalland, 2017, s. 199). Når ein skal undersøkje eit fenomen, er det mogeleg å velje mellom forskjellige perspektiv. Valet av perspektiv får avgjerande betyding for korleis sider av verkelegheita eg avdekkjer. Å velje eitt perspektiv betyr at merksemda rettast mot eit spesielt område av fenomenet. Det dreier seg om å avgrense, og følgeleg utelukke andre områder som for anledninga ikkje høyrer med til fenomenet (Johannesen et al., 2016, s . 44).

4.1 Systemverd og livsverd

Omgrepa livsverd og systemverd er sentrale hos Habermas. Livsverd hos Habermas er det mellommenneskelege kommunikasjonsfellesskapet vi er ein del av på dei fleste områda i dagleglivet. Den kjenneteiknast av symbolsk kommunikativ handling. Partane ynskjer å forstå kvarandre, ikkje finne strategiar for å oppnå noko bestemt ovanfor den andre (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 35).

Systemverd er i hovudsak marknaden, økonomien og offentleg forvaltning. I følge Habermas er livsverda under konstant trussel frå systemverda (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 35). Dette er relevant for mi oppgåve fordi barnehagen står ovanfor mange skjønnsbaserte val, her skal blant anna foreldra si stemme bli høyrte. Samstundes grip systemverda inn med krav til effektivitet og kontroll. Eit viktig skilje i sosialt arbeid går mellom yrkesrollen som del av eit sosialt system, og den enkelte yrkesutøveren som person. Systemnivået omfattar hjelpeapparatet som heilheit med lovverk, normer og reglar. Systemnivået dannar den organisatoriske ramma for det som skjer på personnivået, som er møtet mellom den enkelte hjelpear og brukar (Skau, 2013, s. 82).

På den eine sida kan vi tenkje oss eit fritt, ope system som i stor grad overlèt til den einskilde profesjonsutøveren å ivareta sitt arbeid. Den andre sida er meir lukka, rigid og strengt kontrollerande. Her har profesjonsutøveren lite slingringsmonn for eigne val og skjønsmessige vurderingar (Skau, 2013, s. 82). Du opplever begge sider av systemverda som barnehagelærar. På den eine sida må ein forhalde seg til barnehagelova, men på det andre sida utøver ein skjønn i arbeidet dagleg. Det er viktig å ha bakgrunnskunnskap til å reflektere over omgrepa systemverd og livsverd. Omgrepa vil gje grunnlag til å forstå ubehagserfaringane som er knytt til det profesjonelle arbeidet (Vagli, 2016, s. 101).

Systemverd og livsverd er to ulike sfærar som er prega av ulike rasjonalitetar. Dette er to omgrep det er nyttig å sjå barnevernsarbeid ut i frå. I eit livsverdperspektiv er nærleik, subjektivitet, følelsar og open dialogisk kommunikasjon sentrale trekk. I eit systemverdperspektiv er avstand, reglar, instrumentalitet og objektivitet stikkord (Vagli, 2016, s. 103). Barnehagelærarane sitt oppdrag er knytt til både livsverda og systemverda, det vil sei at det er både skjønnsbasert og normativt. Det er for eksempel ikkje berre ein standard på kva som er eit godt nok liv, kva som er godt nok foreldreskap og kva som er gode nok oppvekstbetingelsar (Vagli, 2016, s. 113). Det finst derimot, som nemnt tidlegare i oppgåva, klare definisjonar på kva grov omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep er. Barnehagelærarar er knytt opp mot staten og til systemverda med lover og reglar som garanterer for rammene.

4.2 Relasjonelt perspektiv

Systemteori og systemisk tenking har vist seg nyttig for at vi skal kunne forstå menneskes samhandling med kvarandre. Den systemteoretiske tilnærminga legg vekt på å forstå åtferd relasjonelt. Den systemiske tenkinga fokuserer meir på relasjonar enn på eigenskapar. Fagfolk som barnehagelærarar, vert ein del av dei systema dei forhold seg til over tid (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 221). Vi kan seie at om det er ein god relasjon mellom foreldre og tilsette i barnehage, så er mykje alt gjort. Om relasjonen er god, veit foreldre at barnehagen vil dei godt og er oppteken av at dei som foreldre er viktige (Nordhaug, 2018, s. 108). Det er difor forståeleg at barnehagelærarane er redde for å miste den gode relasjonen til foreldra. Om det er vanskar med relasjonen, med mistillit, mistankar og lite kontakt, vil det vere vanskeleg å ha god kommunikasjon med foreldra.

Relasjonskompetanse dreiar seg om å forstå og samhandle med dei menneska vi møter i yrkessamanheng på ein god og hensiktsmessig måte. Relasjonskompetente fagpersonar kommuniserer på ein måte som gjev mening, som varetek den overordna hensikta med samhandlinga, og som ikkje krenka den andre parten (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 10). Relasjonskompetanse handlar om bevisstheit om verdiar og haldningar og bevisstheit omkring kva betyding personleg veremåte og egne erfaringar har for måten ein går inn i ein yrkesrolle på (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 71). Relasjon er eit svært viktig omgrep i sosialt arbeid. Det er noko som føregår mellom menneske, både som kvardagsleg samhandling menneske imellom, og i profesjonell samheng. I sosialt arbeid er det lang tradisjon i å knyte arbeidsoppgåvene våre tett opp mot relasjonsomgrepet (Levin & Ellingsen, 2015, s. 112).

Som tilsett i barnehage er det viktig med gode relasjonar til borna, men det er også viktig med gode relasjonar til foreldre og til ulike samarbeidspartnarar. Vi vil alltid inngå i relasjonar på systemnivå og individnivå, både i og utanfor jobben. Sosialt arbeid utøvast innanfor både juridiske og organisatoriske rammer. Som tilsett i ei velferdsteneste som barnehagen, representerer dei det systemet vi arbeider i. Barnet eller foreldra representera seg sjølv og sin situasjon, og i møte mellom systemverd og livsverd skal tilsett og bruker etablera ein relasjon (Levin & Ellingsen, 2015, s. 120).

Tillit er ei kjensle som utviklast gjennom interpersonlege erfaringar, og byggast ved repeterte tillitsvekkande handlingar (Spurkeland, 2012, s. 35). Relasjonsbygging er kanskje vår viktigaste kompetanse. Området kan skildrast som ein kombinasjon av haldningar, kunnskapar og ferdigheiter. Vi har ein mental bevisstheit om viktigheita av å etablere, utvikle og pleie relasjonar som er viktige for områder i livet (Spurkeland, 2012, s. 143).

4.3 Maktperspektiv

Makt kan oppfattast som evna til å få noko til å skje i samfunnet, altså å bringe fram sosial endring i liten eller stor målestokk. Makt finst overalt i samfunnet (Engelstad, 2005, s. 13). Makt er til stades i alle relasjonar mellom brukar og hjelpar, men dette vert ofte tilslørt. Allereie i omgrep som hjelpeapparat, tenesteyting, behandling, omsorg eller undervisning ligg det ei slik tilsløring. Maktaspektet er ofte usynleg. Ei slik tilsløring kan vere skadeleg på fleire måtar, den gjer det vanskeleg for brukarar å beskytte seg mot maktmisbruk (Skau, 2013, s. 31).

Det er viktig å påpeike at makt ikkje treng å vere noko negativt. Skau seier at å bruke makt er like ofte godt som vondt. At maktbruk ofte fører til destruktive resultat, kan henge saman med at maktutøvarane er ubevisst og uprofesjonelle (Skau, 2013, s. 32). Makt kan vere nødvendig for å hjelpe. Det avgjerande er på korleis måte makt kjem til uttrykk, og kva verknad dette får for partane. For profesjonelle hjelparar som barnehagelærarar er det viktig å erkjenne maktaspektet i eiga yrkesrolle (Skau, 2013, s. 32). Vi kan ikkje eliminere den strukturelle makta som er innebygd i relasjonane, og sjølv om vi forsøker å ta brukarens perspektiv, må vi forholde oss til det systemet arbeidet er knytt til (Levin, 2015, s. 42).

Mange barnehagelærarar opplever avmakt på lik linje med makt. Opplevinga av avmakt kan vidare føre til at ein i mindre grad erkjenner konsekvensar av den makta rollen forvaltar. Mangel på tid, ressursar eller nødvendig kompetanse kan i mange tilfelle gjer det vanskeleg å utføre arbeid i samsvar med faglege ideale. Dobbeltrølla som omsorgsutøvar og politikkutøvar kan opplevast som umogeleg å kombinere og gi ei oppleving av å ikkje strekke til (Rugkåsa, 2016, s. 65).

4.5 Tverrprofesjonelt samarbeid

Tverrprofesjonelt samarbeid er ei arbeidsform der fleire yrkesgrupper arbeidar saman på tvers av faggrensene for å nå eit felles mål. I mange kommunar foregår spennande forsøk med tverrprofesjonell verksemd som gjev grunnlag for nye perspektiv. Målet er ein kvalitativt betre teneste for brukaren. Fleire kommunar har omorganisert og etablert eigne etatar for born og unge (Glavin & Erdal, 2018, s. 24).

Ingen etat er i dag bygd opp slik at dei åleine kan gi eit fullstendig tilbod til born og familiar der omsorgssvikt kan ha, eller har skjedd. Dette fører til at ei rekke born vert tatt med til fleire institusjonar får å få den hjelpa dei treng (Søftestad & Andersen, 2014, s. 91). Det er ingen sjølvfølgje at fagfolka i desse etatane har kontakt med kvarandre, men det er ynskjeleg. Ved å nytte seg av tverrprofesjonelt samarbeid kan barnets livssituasjon utgreiast samla av fagfolk med ulik type kompetanse (Søftestad & Andersen, 2014, s. 91).

Samarbeidet mellom barnevernet og barnehagen har i mange år vert satt i søkelyset. Barnehagelova §22 første ledd presisera at barnehagelærarar i sitt arbeid skal vere oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernets side. Forholdet mellom barnehage og barnevernet er komplisert (Killèn, 2019, s. 302). Bufdir har laga ein rettleiar for samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. Formålet med dette er å skape ei felles forståing av barnehagens betydning for born i barnevernet, bidra til haldningsendringar og styrke samarbeidet mellom barnehage og barnevern (Killèn, 2019, s. 304).

5.0 Drøfting: Frå bekymring til handling i barnehagen

Eg har laga tre kategoriar på bakgrunn av datamaterialet mitt, når eg skal drøfte problemstillinga skal eg gjere det med utgangspunkt i desse. Eg skal drøfte problemstillinga mi i lys av teorien eg har gjort greie for og anna relevant forskning. I drøftingsdelen er ikkje målet å generalisere, men å få fram essensen av kva mine informantar tenkjer om temaet og problemstillinga som handlar om kva som skjer frå bekymring for eit barns omsorgssituasjon til konkret handling i arbeid med born i ein barnehagekontekst. Kategoriane har eg definert på bakgrunn av empirien min er: Bekymring knytt til relasjonen til foreldra, bakgrunnen til foreldra & kunnskap, kompetanse og tverrprofesjonelt samarbeid i kommunen.

5.1 Bekymring knytt til relasjonen til foreldra

Under intervjuet hadde eg fleire spørsmål knytt til foreldra til borna. Fleire av spørsmåla gjekk på relasjonen til foreldra. Begge informantane mine var opptekne av å ha ein god relasjon til foreldra, den eine informanten sa;

”Eg syns det er viktig, men ikkje alltid like lett å få ein god relasjon til alle foreldre”.

Den andre informanten sa;

” Ein god relasjon med foreldra er veldig viktig. Ein skal ha eit godt samarbeid og foreldra og borna skal føle seg trygge og høyrte, det er viktig for at borna skal ha det bra”.

Røkenes og Hanssen peikar på at i arbeid med menneske, er det viktig at handlingane står i forhold til den grunnleggande relasjonen mellom partane. Det blir vanskeleg dersom fagpersonen handlar aktivt overfor brukaren utan at det er ein relasjon som kan bære eller romme handlinga (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 28). Begge informantane var opptekne av å ha ein god relasjon til foreldra, så lenge det ikkje går utover andre forhold, som for eksempel kva som er det beste for barnet. Då eg spurde den eine informanten om kva som skulle til for at relasjonen til foreldra ikkje skulle vege så høgt lenger, sa han;

”Når eg ser det fagleg uforsvarleg å beskytte relasjonen til foreldra, bryr eg meg ikkje lenger om den”.

Killèn understrekar og at å kunne bruke fagleg autoritet er ei forutsetning for å lukkast i dette arbeidet (Killèn, 2019, s. 80). Frivilligheit hjå foreldra er eit grunnleggande prinsipp. Prinsippet om å kunne bestemme sjølv har alltid stått sentralt i psykososialt arbeid. Foreldre og born takast med lengst mogeleg med respekt og openheit, men fagleg autoritet handlar om å ta ansvar for sine vurderingar knytt til barnets omsorgssituasjon og behov (Killèn, 2019, s. 81). Bruk av fagleg autoritet kan i større eller mindre grad gå på tvers av det foreldra gjev uttrykk for at dei ynskjer. Dette dreier seg om ein bevisst og forståelsesbasert måte å gripe inn i familiesituasjonar på. Vi skal alltid basere arbeidet på faglege premisser, og ikkje på foreldra, systemet eller egne personlege premisser (Killèn, 2019, s. 81).

Det er viktig at barnehagelærarar setter faglege vurderingar framfor foreldra eller sine egne premissar. Dersom ein er bekymra for eit barn, men ikkje handlar fordi ein ikkje vil risikere relasjonen til foreldra, kan barnet måtte leve under uverdige forhold. Røkenes og Hanssen peikar på at i ein trygg relasjon mellom ein bruker og ein fagperson, kan fagpersonen sine eventuelle kritiske kommentarar til brukarens åtferd, bli tatt imot og vurdert som omtanke og hjelp (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 178). Når eg spurde informantane mine om kva dei trur skjer dersom dei sender bekymringsmelding til barnevernet knytt til eit barn, svarte den eine informantan;

”Har tenkt mykje på akkurat dette, trur den eventuelt gode relasjonen vert øydelagt med det same”.

Begge informantane hadde tenkt på kva som ville skje dersom relasjonen til foreldra vart øydelagt, dette er noko som er vanskeleg å stå i. Killèn seier at ein av dei mange utfordringane ein profesjonell står overfor, er å ta ansvar for sine observasjonar og å definere og eventuelt utvide si rolle til å også omfatte beskyttarrollen (Killèn, 2019, s. 87). Sjølv om det er fare for at den gode relasjonen til foreldra vert øydelagt, er det viktig å sette beskyttarrollen først. Den eine informantan kom med eit reflektert svar når eg spurde om kva for ein reaksjon han forventa av foreldre i ein sak der han eventuelt sende bekymringsmelding til barnevernet;

”Eg trur det varierer veldig. Nokre foreldre tenkjer at dette er bra og synst det er flott at barnehagen tar tak og ser kva som er best for barnet. Medan andre kan føle seg svikta, og føle at vi går i mot dei. Dersom eg skal sende ei bekymringsmelding er det lurt å informere foreldra om at eg skal sende ei melding, med unntak av grov omsorgssvikt og overgrep. Med å gjere dette mistar ein ikkje tilliten, og dei føler seg ikkje lurt. Det er viktig å informere foreldre om at barnevernet er der for å hjelpe familien og barnets beste”.

Det beste er viss ein klarar å beskytte både barnet og den gode relasjonen til foreldra. Killèn seier også at dersom foreldre manglar impulskontroll eller tilstrekkeleg omsorgsevne, er dei som oftast på eit eller anna nivå medvitne at det er slik, uansett kor sterkt dei nektar det. Kontroll og andre formar for inngrep kan opplevast som konstruktivt når det utøvast innanfor ramma av ein relasjon der foreldra føler seg akseptert og respektert. Mange har opplevd letnad hjå foreldra når dei har gripe inn, fordi dei innerst inne er klar over kor dårleg barnet sin omsorgssituasjon er (Killèn, 2019, s. 87). Den eine informantten peikte på at relasjonen til foreldra ofte ber preg av at barnehagelærarar møter foreldra i ei yrkesrolle og at relasjonen difor kan opplevast rigid og spent for begge partar;

”Eg opplever at mange foreldre er forsiktige i møte med oss i barnehagen, dei deler ikkje så mykje og er ofte forsiktige i møte med oss”.

Levin & Ellingsen peikar også på at i møte mellom livsverda og systemverda kan det vere problematisk å snakke om likeverdige relasjonar. Det vil vere asymmetri i relasjonen mellom den tilsette og brukarar. Det kan vere vanskeleg for foreldre å møte argument som ”vi følgjer berre lovverket” eller ”eg skjønner, men slik er systemet”. Her kan møte mellom livsverda og systemverda utfordre relasjonen mellom tilsett og foreldre. I livsverda har vi dei nære og uerstattelige relasjonane, som familie og vener. Vi kan og ha nære relasjonar i systemverda, men desse plar ikkje vere uerstattelige på same måte. Dersom ein barnehagelærar sluttar i jobben sin, kjem andre inn og overtar oppgåvene (Levin & Ellingsen, 2015, s. 120). Det er forståeleg at det kan vere vanskeleg at det kjem nokon som ikkje høyrer til deg eller familien, å tek avgjersler om ditt barn.

Eg spurde informantane mine om korleis det er å dele bekymringar knytt til barnet med foreldra til barnet, her var svara noko delt. Den eine informantten sa;

”Det er veldig fint å kunne snakke med foreldra om ein har bekymringar. Det at vi kan dele synspunkt er bra, og kanskje ein ser ting på ein anna måte enn før når ein får snakka med andre”.

Den andre informantten hadde eit anna syn på dette;

”Dersom eg er bekymra for alvorleg omsorgssvikt snakkar eg ikkje med foreldra, då er det mange andre eg tenkjer det er lurt å forhøyre seg med først”.

Hafstad og Øvreeide peikar på at kan vere fleire relasjonelle utfordringar knytt til å forholde seg til barnets omsorgspersonar. Foreldra kan ofte vere bekymra, oppgitt eller avvisande til at det finst problem. Jo større bekymring for barnet er, desto vanskelegare kan det vere å oppretthalde gode dialogar med foreldra. Dersom vi oppfattar relasjonen mellom foreldre og born som truande for barnet si utvikling, påverkar det vår samarbeidsevne med foreldra (Hafstad & Øvreeide, 2011, s. 181-182). Informanten som ynskte å dele bekymringar med foreldra, sa vidare at dette er viktig for at foreldra ikkje skal bli audmjuka eller urettferdig behandla. Medan den andre informanten sa;

”Dersom barnet vert utsett for noko alvorleg, kan dette forverre seg av at vi luftar bekymringar med foreldra. Dersom bekymringane er grunnlause, bør foreldra vere glade for at vi sjekka opp i omsorgssituasjonen til barnet deira”.

Rugkåsa peiker på det vanskelege maktforholdet mellom barnehagelærarar og foreldre, dette er i utgangspunktet eit asymmetrisk maktforhold. Som grasrotbyråkratar får barnehagelærarar innflytelse og kontroll på velferdstenester som skal komme barnet og foreldra til gode. Dei kartlegg behov og vurderer blant anna kvart enkeltindivid (Rugkåsa, 2016, s. 64).

Barnehagelærar har difor ei viss makt over barna i barnehagen og foreldra sitt liv. Dei har størst makt til å definere kva som er eit problem, og korleis det best kan løysast. Ei slik definisjonsmakt kan føre til at det blir barnehagelærarane som veit kva som er barnets og foreldra sitt beste. Familien sin forståing av situasjonen kan underordnast, og barnehagelærar står i fare for å tre sin forståing av kva som er best, ned over hovudet på familien (Rugkåsa, 2016, s. 65).

Når eg spurde informantane om korleis det hadde vore å ta ansvar i ein sak der dei var bekymra, men usikker på om bekymringa var rett, sa den eine informanten;

”Då ville eg ha gått til pedagogisk leiar og til styrar for å snakke om det. Eg tenkjer at det er veldig uheldig at foreldra skal oppleve slik belastning om bekymringa ikkje er rett. Det vil dessutan øydeleggje relasjonen for godt. Dei fleste har nok av ting å handtere i livet, då er det viktig at ikkje vi lagar full fyr av ein fyrstikk”.

Killèn peikar på at overidentifisering er ein av dei hyppigast anvende mekanismane praktiskarar brukar for å beskytte seg. Det vil sei at vi tillegger foreldra våre eigne følelsar, eigenskapar og haldningar i staden for å leve oss inn i korleis dei verkeleg er, og i korleis dei i realiteten har det (Killèn, 2015, s. 80). Killèn understrekar at ved overidentifisering ser ein vekk frå realitetane i omsorgssviktsituasjonen og frå sider ved foreldra sin personlegdom og liv som representera store belastningar for barnet. Ein kan då også tillegga dei fleire ressursar med omsyn til vidareutvikling og problemløysing enn dei har (Killèn, 2015, s. 80). Døme på dette kan vere; ”Dei går i gjennom ein vanskeleg periode akkurat no, men så fort han kjem seg i arbeid igjen, reknar vi med at det rettar seg”. ”Det kan umogleg vere sant at ei mor eller far gjer noko slikt”.

Sjølv om informantane mine hadde dels ulike synspunkt kring relasjonen til foreldra, var dei einige om at det er vanskeleg å snakke med foreldra om bekymring. Det kan vere krevjande då foreldra kan føle seg audmjuka, og få ei kjensle av at dei ikkje strekk til som foreldre. Begge informantane sa at dette er samtalar dei gruer seg til, og unngår å ha dersom dei kan. Den eine informanten sa at styrar i barnehagen plar ha desse samtalane. Killèn understrekar at det synes å vere ein høg terskel for å skulle snakke med foreldra om bekymring for barnets omsorgssituasjon. Foreldrerolla er sårbar og ein kan fort føle at ein kjem til kort. Å mistenke foreldre for omsorgssvikt skapar uro og angst i oss. Der er ei utbreitt oppfatning av at det å sette namn på bekymringane over for foreldra, vil øydeleggje eller forhindre etableringa av eit godt kontaktforhald til dei, og at det kan føre til at dei vil trekkje seg tilbake og avvise samarbeid (Killèn, 2015, s. 273).

5.2 Bakgrunnen til foreldra

Eg har undra på om bakgrunnen til foreldra har noko å seie for korleis saker i barnevernet vert handtert. Eg ynskte ikkje å nemne økonomi, etnisitet eller andre forhold i intervjuguiden. Eg stilte to heilt enkle spørsmål: Tek du omsyn til kven foreldra til barnet er? Har bakgrunnen til foreldra til barnet noko å seie for om du melder eller ikkje? Den eine informanten sa;

“Kven foreldra er kan ha betydning, men det er ikkje det som har noko betydning til sist uansett, det er barnet. Klart det kan vere vanskeleg å melde ressurssterke foreldre, eller ressursvake òg for den del. Det er nok vanskeleg å melde i frå om born som har ressurssterke foreldre som er anerkjent i bygda. Dei har mange folk med seg, og då kan det vere veldig vanskeleg å stå i ein situasjon der du har ytra bekymring for barnet deira”.

Informanten seier at det er vanskeleg å ytre bekymring knytt til born med ressurssterke foreldre som har høg status i bygda. Killèn peikar også på at økonomi og nettverk og andre sosioøkonomiske og kulturelle forhold også er sentrale faktorar i det store bilde. Relevansen av sosioøkonomiske faktorar for foreldreskapet er for lengst etablert (Killèn, 2019, s. 54). Mange er redd for å øydeleggje relasjonen dei har til foreldra. Mange føler seg usikre overfor foreldre med akademisk utdanning og høg status. Mange har også erfart at foreldre forsvarar seg med nekting og aggresjon (Killèn, 2019, s. 302). Den andre informanten svarde dette på spørsmål knytt til foreldra sin bakgrunn og opprinnelse;

”Ja, dessverre. I saker i barnehagen der det er born av foreldre med annan etnisitet enn norsk, er vi meir tolerante. Prøver å ikkje tenke på kven foreldra er, men ser at vi i personalet lar oss bli påverke av det”.

Denne informanten var veldig open på at foreldre med anna etnisitet enn norsk vert møtt med meir toleranse. I Noreg i dag har vi fleire kulturar som lever ved sida av kvarandre (Nordhaug, 2018, s. 20). Alle born har same fysiologiske behov, same kva religion, kultur eller tru dei har. Medan andre meiner at denne oppfatninga vert for rigid. Born kan utvikla ein to-kulturell identitet som kan vere ein ressurs, men vi ser at ulike kulturgrupper legg sterke krav på borna, og etter kvart som dei vert eldre, innskrenkar fridommen (Nordhaug, 2018, s. 20). Dei eine informanten sa vidare;

”Eg har latt ting gå med born frå andre kulturar, dette fordi dei har andre normer og reglar enn kulturen eg er oppvaksen med”.

Informanten drøfta at han hadde latt vere å melde bekymring i enkelte høver der han hadde meldt bekymring dersom det var eit barn som hadde foreldre av norsk opprinnelse. Alle kulturar har sine måtar å ha omsorg for små born på. For nokre som kjem frå afrikanske land, kan det vere rart å sjå eit barn ligge i barnevogn og ikkje på kroppen til mamma (Nordhaug, 2018, s. 20). Eit anna moment er bruk av vald når det kjem til oppseding av born i barnehagealder. Ved auka innvandring kjem det folk frå kulturar der bruk av vald er vanleg når dei oppseder born (Nordhaug, 2018, s. 20.) Røkenes og Hanssen peikar på at livsverd og systemverd er sentrale omgrep i relasjonane som vert omtalt her. Personar som kjem frå andre kulturar kan finne det utfordrande å forstå system- og livsverda som er ein del av det vestlege samfunnet. Systemverden instrumentaliserer og koloniserer livsverda (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 36). Informanten drøfta vidare;

”Dei veit ikkje betre, kva om eg melder til barnevernet, og dei tek barnet frå foreldra før dei rekk å lære seg den norske kulturen”.

Nordhaug understrekar at dei fleste foreldre vil etter kort tid vite at vald er ulovleg i Noreg, men det er likevel vanskeleg å endre mønster i måtar å oppsede born på. Det er viktig å forstå at denne typen vald er basert på vilje og tru på at dette er det beste for born, og derfor noko vi må møte med samtale og opplæring (Nordhaug, 2018, s. 21). Likevel, når tilsette i barnehagen får kunnskap om at born er utsette for vald, utløyer det opplysningsplikta til barnevernet. Ingen av informantane nemnte opplysningsplikta, men den eine reflekterte over traume og kva dette inneberer;

”Mange av innvandrarane som kjem til Noreg har med seg store traume i bagasjen, både vaksne og born. Vi må gi deg tid og hjelp til å handtere dette. Vi kan ikkje behandle dei likt som familiane som ikkje har med seg denne bagasjen og uvitenheita om det norske samfunnet. Desse foreldra manglar nettverk og kunnskap, det må vi gje dei”.

Killèn peikar også på at mange innvandrarak manglar nettverk. Mange, både vaksne og barn, strevar med komplekse traume. Dei kan også føle seg avvist av naboar, og dei kan faktisk også vere det. Nokre kan ta det som ei utfordring og byrje å engasjere seg i aktivitetar som kan bidra til integrering. Andre kan reagere med å trekke seg tilbake og isolere seg (Killèn, 2015, s. 119). Begge disse strategiane vil påverke foreldrerolla og forholdet til barnet. Sosioøkonomiske og sosiokulturelle forhold kan både utløyse og forsterke destruktive prosessar i forholdet mellom foreldre og barn og auke faren for omsorgssvikt (Killèn, 2015, s. 119).

Tilsette i barnevernet kjem ofte i kontakt med familiar med innvandrarbakgrunn. Ifølge Statistisk sentralbyrå har born med innvandrarbakgrunn dei seinare år oftare barnevernstiltak enn andre born. Dette gjeld spesielt born med asiatiske, afrikanske og austeuropeiske bakgrunn. Mange innvandrarfamiliar frå ikkje-vestlege land opplever stress i tilpassinga til det norske samfunnet på grunn av andre normer, haldningar, verdiar, roller, rammer og lovverk. Frå statleg hald understrekast det at ein må vere varsam med å blande det ukjente med det bekymringsfulle, samtidig som det er norske rammer for barneoppseding som skal gjelde for innvandrarfamiliar (Kvelling, 2008, s. 194).

Levin og Ellingsen framhevar at vår forståing av andre påverkar oss på ulike måtar, og har betydning for korleis vi handlar i relasjon til andre. Dette er utgangspunktet for all menneskeleg samhandling. Å ta inn over seg kva dette eigentleg betyr i ein hjelperelasjon, er ikkje lett (Levin & Ellingsen, 2015, s. 117). Eg opplevde at informantane mine reflekterte kring korleis det oppfattar ulike foreldre i barnehagen og at dei er bevisst på at dei møter foreldra på ulike måtar. Dette inneber at du i arbeid med andre menneske må vere klar over at mi oppfatning av deg er ”mi”, og ikkje nødvendigvis slik du ser deg sjølv eller din situasjon. Når vi kommuniserer med andre menneske, prøver vi å setje oss inn i den andre sin situasjon (Levin & Ellingsen, 2015, s. 117). Informantane mine reflekterte over at dei ofte set seg inn i foreldra sin situasjon, det gjeld alle typar bakgrunnar. Den eine informanten sa at ein ofte kan identifisere seg med noko hjå alle foreldre, men at han likevel håpte at det ikkje står i vegen for å sjå barnet. Det er ikkje særleg oppsiktsvekkande at tilsette i barnehagen tek omsyn til og relatera seg til foreldra sin bakgrunn. Det er likevel ikkje foreldra som definerer kva god omsorg er, det er lovverket. Det er viktig at dei tilsette balanserer system- og livsverda, slik at lovverk som for eksempel opplysningsplikt, vert følgt opp uansett kven foreldra til barnet er.

5.3 Kunnskap, kompetanse og tverrprofesjonelt samarbeid

NKVTS har kvart femte år ei studie av omfang av alvorlege overgrep i løpet av eit liv. Ut i frå undersøkinga vil alle som arbeider med born kvart einaste år dei er i jobb, møte born som har erfaringar frå alvorleg omsorgssvikt eller overgrep. I ein normal klasse på 30 elevar vil det vere fleire som har opplevd seksuelle overgrep, vald eller alvorleg omsorgssvikt (Nordhaug, 2018, s. 48). Den eine informanten sa at han aldri hadde sendt bekymringsmelding til barnevernet. Den andre informanten hadde meldt i frå til barnevernet eit par gongar, medan nokre gongar hadde styrar i barnehagen gjort det for han. I følge NKVTS si undersøking vil det ikkje seie at ingen vert utsett for noko om du ikkje har oppdaga noko eller meldt, men heller at barnehagen ikkje har oppdaga det. All åtferd er kommunikasjon, og den relasjonen born har til barnehagelærarar, gjer det mogeleg for vaksne å nå fram til årsaka til åtferda. Det er difor viktig at dei som ser born kvar dag, tek ansvar kring å sjå bakom åtferda til barnet og faktisk sjå barnet (Nordhaug, 2018, s. 48).

Kunnskap om barns behov og rettigheitar er dårleg både hos mange tilsette i hjelpeapparatet og i pedagogiske arenaer, der mange tilsette pregast av ein kombinasjon av mangelfull kunnskap om omsorgssvikt, mishandling og utvikling av psykiske vanskar og ein særst høg toleranse for å la born vekse opp under særst mangelfulle kår (Kvillo, 2008, s. 363). Når eg spurde informantane mine om deira kunnskap kring temaet svarde den eine dette;

”Eg har kompetanse frå det eg lærte under utdanninga, men eg føler vi burde ha lært meir og at ein burde fokusere meir på dette temaet i barnehagelærarutdanninga, av og til kjenner eg på ei avmakt i møte med andre instansar”.

Den andre informanten delte denne oppfatninga og meinte at han ikkje hadde eit godt nok kunnskapsgrunnlag kring temaet;

”Vi hadde ein dag med seminar om dette temaet på utdanninga, etter dette har eg ikkje fått tilbod om noko som helst når det gjeld kurs og vidareutdanning. Eg har veldig lite kunnskap om hjelpetiltak barneverntenesten kan setje inn i heimen til familiar”.

Rugkåsa peikar på at mange tilsette opplever ei avmakt, konsekvensen av dette kan vere at ein i mindre grad erkjenner konsekvensar av makta ein forvaltar. Mangel på nødvendig kompetanse kan i mange tilfelle gjere det vanskeleg å utføre arbeid i samsvar med faglege ideale. Dobbelrollen som omsorgsutøvar i livsverda og politikktøvar i systemverda kan til tider opplevast som umogleg å kombinere og gi ein oppleving av avmakt (Rugkåsa, 2016, s. 65). Kvello understrekar på at både utdanning, erfaring og personlege eigenskapar er egna til å forklare forskjellar mellom fagpersonar i korleis grad dei evna å oppdage og maktar å handle på informasjon om mishandling og omsorgssvikt (Kvello, 2008, s. 363).

Tverrprofesjonelt samarbeid er viktig for å oppnå best mogeleg liv for alle born. Barnehagen ser barnet på dagleg basis, men er avhengig av bistand frå andre instansar som for eksempel PPT, BUP og barnevernet. For at born skal få best mogleg hjelp er det viktig at dei kommunale instansane hjelper kvarandre og samarbeider om saker. Den eine informanten var veldig nøgd med det tverrprofesjonelle samarbeidet i kommunen og sa dette;

”Eg opplever samarbeidet som bra i kommunen. Eg har berre erfaring med kurs og tverrprofesjonelle møter. Og der får vi sjå kven som jobbar i barnevernet og vi får høyre om korleis dei gjer jobben sin. Bra at vi har eit godt samarbeid, det er ei trygghet å vite kven ein skal snakke med om det er noko”.

Glavin og Erdal seier også at er heilt nødvendig å tenkje heilheitleg når det gjeld barnepolitikk. Tverrprofesjonelt samarbeid er ein metode for å oppnå resultat i arbeidet. Det er viktig å peike på at tverrprofesjonelt samarbeid ikkje er eit mål i seg sjølv, men eit middel eller ein metode til å nå dei måla vi har i arbeid med born i kommunane (Glavin & Erdal, 2018, s. 19). Dersom alle som arbeidar med born og unge samarbeider, både seg imellom og med born og unge og deira familiar, vil det bidra til å sikre og styrke det totale oppvekstmiljøet for barnet. Dei involverte partane vil då kunne dele sin kompetanse med kvarandre (Glavin & Erdal, 2018, s. 20). I dag er det psykososiale problem hos barn og unge aukande. Slike problem er kompliserte, og det er større moglegheit til å få fram eit samansett bilete av situasjonen ved eit tverrprofesjonelt samarbeid (Glavin & Erdal, 2018, s. 21).

Den andre informanten var ikkje like tilfreds med det tverrprofesjonelle samarbeidet i sin kommune, han sa;

”Dårlege erfaringar med den kommunale barneverntenesta. Høg terskel for å kontakte dei for å drøfte saker, vanskeleg i vår kommune. Vi har fått beskjed om å berre melde i frå dersom vi er 100% sikre på kva som går føre seg”.

Dette tyder på at samarbeidet mellom barnehage og barnevern bør prioriterast. Personalet i barnehagen har unik tilgang til observasjonar av born og foreldra deira. Det er viktig at den kunnskapen kan bli vidareført dersom det er nødvendig. Barnehagelærarar observerer foreldre og born i bringe- og hentesituasjonen og kan observere barnet dagleg. I barnehagen kan pedagogane observere barnet i samspel med andre born og vaksne (Killèn, 2015, s. 370).

Sistnemnte informant gjorde det tydeleg at han hadde eit vanskeleg forhold til barneverntenesten i sin kommune, dette tykkjer eg er veldig problematisk, då eit godt samarbeid mellom barnehage og barnevern er essensielt for at born skal få gode oppvekstvilkår. Dersom personalet i barnehagen ikkje har tillit til dei som arbeider i den kommunale barneverntenesta, vil dei ikkje tenke at det er det beste for barnet å melde i frå til dei. Denne informanten sa han hadde lite erfaringar frå samarbeid med den kommunale barneverntenesta, men at dei erfaringane han hadde var skuffande. Tilsette i barnevernet skal gjere svært kompliserte vurderingar som har store konsekvensar for barns og unges utvikling (Kvello, 2008, s. 362). Krava til barnevernet er difor omfattande, dei skal vurdere borns beste og definere kva som er god nok omsorg for det enkelte barn. Det er gjort ein betydeleg innsats for å sikre at rutinane mellom dei ulike kommunale barneverntenestene blir kvalitetssikra, men framleis står det att omfattande utfordringar for å sikre at barn og unge får lik hjelp på tvers av sakshandsamar og kommune (Kvello, 2008, s. 362). Dette kom tydeleg fram i intervju mine, informantane som kjem frå to forskjellige kommunar, hadde oppsiktsvekkande ulike opplevingar av det kommunale barnevernet.

Den eine informanten sa at han hadde høyrte om tverrprofesjonelt utredningsteam, som i nokre kommunar vert nytta ved bekymring knytt til for eksempel mistankar om overgrep mot born. Informanten sa at dei ikkje nytta dette i hans kommune, men at dette var noko som burde vore rutine i alle kommunar.

”Det burde ikkje vere frivillig om kommunen skal ha tverrprofesjonelt team eller ikkje, dette burde vere ein del av kvardagen til alle born som har behov for det.”

Søftestad og Andersen bruker Agder som eksempel på godt tverrprofesjonelt samarbeid. Tverrprofesjonelt utredningsteam ved mistankar om overgrep mot born i Agder blir presentert som eit eksempel på eit slikt samarbeidstiltak. Målsettinga til teama er å bidra til at born vert sikra ei forsvarleg utredning av sin livssituasjon når det er reist mistankar om for eksempel seksuelle overgrep. Tverrprofesjonelt team med faste medarbeidarar er vald fordi kvaliteten på utredninga vert heva (Søftestad & Andersen, 2014, s. 89).

6.0 Avslutning

Å arbeide med utsette born er komplisert, det inneberer utfordringar og mange følelsemessige belastningar. Med utgangspunkt i det eg har funne ut i arbeidet med denne oppgåva, verkar det til at det er for lite fokus på dette temaet i barnehagelærerutdanninga. I dette prosjektet har eg hatt fokus på kva som gjer det vanskeleg for personalet i barnehagar kring å melde bekymringar for born. Ved å analysere funn frå mi eiga kvalitative forskning knytt opp mot relevant forskning og litteratur, har eg teke føre meg problemstillinga ”Kva skjer frå det oppstår bekymring for eit borns omsorgssituasjon til denne bekymringa vert omsett til konkret handling i arbeid med born i ein barnehagekontekst?”.

Eg har nytta kvalitative intervju og litteraturstudie som supplement for å skaffe fram datamaterialet, dette har eg deretter delt inn i tre kategoriar. Desse kategoriane inneheld dei mest oppsiktsvekkande og interessante funna. Den første kategorien handlar om bekymring knytt til relasjonen til foreldra. Begge informantane understreka at det er utfordrande å handtere både bekymring knytt til born og ein god relasjon til foreldra samstundes. Det er likevel viktig at barnehagelærarar setter faglege vurderingar framfor foreldra. Om ein er bekymra for eit barn, men ikkje handlar fordi ein ikkje vil risikere relasjonen til foreldra, kan barnet måtte leve omsorgssvikt.

Den andre kategorien omhandlar bakgrunnen til foreldra til barnet. Her var informantane samstemde i at bakgrunnen til foreldra kan ha effekt på kva som skjer frå det oppstår bekymring, til denne bekymringa vert omsett til konkret handling. Det kom fram at det kan vere vanskeleg å handtere saker der borna har ressurssterke og ressurssvake foreldre. Mange kan føle seg usikre overfor foreldre med akademisk utdanning eller høg status, og overfor foreldre som er innvandrarar frå andre kulturar.

Den tredje kategorien omhandlar kunnskap, kompetanse og tverrprofesjonelt samarbeid. Det mest oppsiktsvekkande funnet i dette prosjektet er at informantane hadde lite kunnskap om temaet. Når eg stilte dei spørsmål om ynskja endringar, svarde begge at dei ynskjer store endringar i forhold til korleis studiet barnehagelærer er lagt opp. Begge informantane meinte at det burde vere undervisning om barnehagen si oppgåve i å avdekkje og førebyggje omsorgssvikt. Informantane hadde lite kunnskap om barnevernet og kva hjelpetiltak barnevernet kan bistå med. Den eine informanten hadde likevel positive erfaringar med det tverrprofesjonelle samarbeidet i kommunen, det er heilt nødvendig å tenkje heilheitleg når det gjeld barn. Tverrprofesjonelt samarbeid er ein viktig metode for å oppnå gode resultat i arbeidet med born.

Eit viktig føremål med forskinga er har gjort er å forstå kvifor det kan vere vanskeleg å gå frå bekymring til handling. Dette temaet er viktig for å kunne gjere det enklare for barnehagelærarar å vite korleis dei skal handtere bekymringane sine. Det har vore viktig for meg å forstå kvifor tala av meldingar som kjem frå barnehagen er så låge. På bakgrunn av min empiri gjorde eg fleire funn som gjer at eg har fått ei forståing av kvifor det er vanskeleg å gå frå bekymring til handling. Informantane meinte at meir kunnskap og kompetanse må til, og at dette er viktig for å kunne gå frå bekymring til handling. Forskinga på feltet er i utvikling, det krev etter- og vidareutdanning for å halde tritt med fagutviklinga. Når ein veit kva som er vanskeleg, er det enklare å gjer noko med dette. Til slutt tenkjer eg at omsorgssvikt ovanfor born er eit sosialt problem i den norske velferdsstaten. Det er difor viktig at det vert jobba målretta for å minske dette.

7.0 Referanseliste

Aamodt, L.G. (2014). *Den gode relasjonen*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Barnehagelova. (2005). Opplysningsplikt til barnevernet (LOV-2018-08-06-839). Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Barne- og likestillingsdepartementet og kunnskapsdepartementet. (2009). Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barneverntenesta. Henta frå

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/til-barnets-beste---samarbeid-mellom-barnehagen-og-barneverntjenesten.pdf>

Bufdir. (2018, 15. november). Barn utsatt for vold i familien. Henta frå

https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Vold_og_overgrep_mot_barn/Barn_utsatt_for_vold_i_familien/

Bufdir. (2018, 18. oktober). Meldinger til barnevernet. Henta frå

https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern/Bekymringsmeldinger/#heading12382

Bufdir. (2018, 1. oktober). Slutføring av fase èn i arbeid med utredninger i

kompetansestrategien: Anbefaling av modeller for videre utredning. Henta frå

<https://bufdir.no/Global/Barnevern/Faglige%20retningslinjer,%20veiledere/Bufdirs%20anbefaling%20av%20modeller%20for%20videre%20utredning.pdf>

Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. Utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Engelstad, F. (2005). *Hva er makt*. Oslo: Universitetsforlaget.

FO. (2015, mars). Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere. Henta frå <https://www.fo.no/getfile.php/1311735-1548957631/Dokumenter/Din%20profesjon/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>

Gjems, L. (2011). Læring i samtaler og samhandling mellom voksne og barn i barnehagen. I F. Søbstad (Red.), *Barnehagens grunnsteiner: Formålet med barnehagen* (71-82). Oslo: Universitetsforlaget.

Glaser, V. (2011). Barns behov – fortsått og definert av hvem. I F. Søbstad (Red.), *Barnehagens grunnsteiner: Formålet med barnehagen* (49-58). Oslo: Universitetsforlaget.

Hafstad, R. & Øvreeide, H. (2011). *Utviklingsstøtte: Foreldrefokusert arbeid med barn*. Os: Høyskoleforlaget.

Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Johannessen, A., Tufte, P.A & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag.

Killèn, K. (2019). *Sveket II: Ansvar og (be)handling*. (5. utg.). Oslo: Kommuneforlaget.

Killèn, K. (2015). *Sveket I: Risiko og omsorgssvikt – et helseproblem og tverrfaglig ansvar*. (5. utg.). Oslo: Kommuneforlaget.

- Kleppe, L. C. (2015). Kunnskap i sosialt arbeid. I L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid en grunnbok* (s. 125-137). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. Utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvello, Ø. (2013). Som ansatt i barnehagen setter man spor i barna. I Ø. Kvello (Red.), *Barnas barnehage 2: Barn i utvikling* (15-26). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvello, Ø. (2008). *Utredning av atferdsvansker, omsorgssvikt og mishandling*. (2. oppl.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Levin, I. & Ellingsen, I. T. (2015). Relasjoner i sosialt arbeid. I L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid en grunnbok* (s. 112-124). Oslo: Universitetsforlaget.
- Levin, I. (2015). Sosialt arbeid som spenningsfelt. I L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid en grunnbok* (s. 36-46). Oslo: Universitetsforlaget.
- Lillemyr, O. F. (2016). Barns læring i barnehagen. I P.-T. Granrusten (Red.), *Barnehagen som læringsarena: Mellom styring og ledelse* (31-45). Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordhaug, I. (2018). *Kva ser vi – kva gjer vi: Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Bergen: Fagbokforlaget.
- NOU 2017:12. (2017). *Svikt og svik: Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/a44ef6e251cd443396588483e97402ab/nou/pdfs/nou201720170012000dddpdfs.pdf>

- Rugkåsa, M. (2016). Ubehaget i det godes tjeneste. I S. Ylvisaker (Red.), *Ubehaget i sosialt arbeid* (s. 62-76). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Skau, G.M. (2013). *Mellom makt og hjelp: Om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper* (4.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Spurkeland, J. (2012). *Relasjonskompetanse* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Søftestad, S & Andersen, I.L. (2014). Et livsviktig puslespill: Med barnet i sentrum av tverretatlig utredning. I Andersen, I.L (Red.), *Seksuelle overgrep mot barn: traumebevisst tilnærming*. Oslo: universitetsforlaget.
- Søftestad, S. (2005). *Seksuelle overgrep: Fra privat avmakt til tverretatlig handlekraft*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vagli, Å. (2016). Ubehag i barnevernsarbeid. I S. Ylvisaker (Red.), *Ubehaget i sosialt arbeid* (s. 100-115). Oslo: Gyldendal akademisk.

Vedlegg 1 – intervjuguide

Intervjustart

- Presentere meg sjølv og prosjektet mitt.
- Forklare kva eg er ute etter å forstå og at informanten er eksperten.
- Gi informanten informasjonsskriv. Få bekrefta munnleg at alt er forstått.

Innleiing

- Intervjupersonen presentera seg. Bakgrunn, utdanning og yrkeserfaring.
- Kor lenge har du arbeida i barnehage? Kor lenge har du arbeida i den barnehagen du arbeidar i no?
- Kan du beskrive ein vanleg arbeidsdag i barnehagen?

Hovuddel

- Hovuddelen er delt inn i 7 tema.

Relasjonen din til foreldra

- Kor viktig er det med ein god relasjon til foreldra til borna i barnehagen?
- Dersom du sender bekymringsmelding til barnevernet knytt til eit barn, kva trur du det gjer med relasjonen til foreldra? Tenkjer du på dette?

Bekymringar og uro knytt til born

- Har du opplevd bekymring for om eit barn har vore utsatt for seksuelle overgrep, vald eller omsorgssvikt?
- Kva kan vere teikn/signal som gjer at du vert bekymra for eit barn?
- I ein situasjon der du er bekymra for eit barn, men usikker på om bekymringa er rett, kva ville du gjort?
- Korleis er det for deg å ta ansvar i ein sak om eit barn som kanskje er utsett for omsorgssvikt?
- Korleis er det å sette ord på bekymringane dine og å dele dei med andre?

Kunnskap og kva det gjer med bekymringar

- Kva vil du sei om di spesifikke kompetanse når det gjeld å oppdage at born vert utsett for seksuelle overgrep, vald eller omsorgssvikt?
- Lærde du noko om temaet under utdanning?
- Har du fått tilbod om kurs/vidareutdanning om temaet?
- Kor vender du deg for å få råd/retteleing når du er bekymra?
- Har du kunnskap om ulike hjelpetiltak barnevernet kan setje inn for å hjelpe born i heimen?
- Har de tiltak i barnehagen for å avdekke vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt?

Bekymringsmeldingar

- Sender du bekymringsmelding til barnevernet?
- I situasjonar der du har sendt bekymringsmelding før, kva har skjedd frå du har bekymra deg til du har sendt melding?
- Kva er di erfaring med å gå frå bekymring til handling?

Samarbeid

- Korleis opplever du samarbeid med barnevernet i di kommune? Gode og/eller dårlege erfaringar?
- Er det høg eller låg terskel for å diskutere saker anonymt med barnevernet før du melder?
- Snakkar personalet saman om å avdekke vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt?
- Kan det vere vanskeleg å forklare kvifor du har ein dårleg følelse knytt til eit barn? Å sette ord på magefølelsen?

Foreldra til barnet

- Tek du omsyn til kven foreldra til barnet er, når du evaluera oppførselen til eit barn?
- Kan bakgrunnen til foreldra til barnet ha noko å sei for om du melder eller ikkje?

Ønska endringar

- Har du nokre innspel eller ønska endringar som kunne gjort det lettare for deg å avdekke at born vert utsett for seksuelle overgrep, vald og/eller omsorgssvikt?

Avslutning

- Er det noko meir du ynskjer å sei?
- Tusen takk for at du tok deg tid til dette intervjuet og for at du ville hjelpe meg med mitt prosjekt.

Vedlegg 2 – informasjonsskriv

Førespurnad om deltaking i prosjekt

Bakgrunn og føremål

Føremålet med denne oppgåva er å finne ut kva som skjer frå bekymring knytt til eit barns omsorgssituasjon til handling i arbeid med born i barnehage. For eksempel i form av melding til barnevernet. Eg ynskjer å finna ut meir om kva som skjer frå ein tilsett undrar seg/bekymrar seg over eit barn, til det for eksempel vert sendt melding til barnevernet. Oppgåva er ei bacheloroppgåve knytt til studiet sosialt arbeid ved Høgskulen På Vestlandet, avd. Sogndal. Oppgåva skal leverast 24. Mai 2019. Dersom oppgåva får karakter A eller B, vert den gjort offentleg tilgjengeleg via Høgskulen På Vestlandet.

Utval

Du har blitt spurt om å delta i prosjektet fordi du arbeider med born i barnehage. Eg trur difor at du har kompetanse til å svara på relevante spørsmål knytt til problemstillinga mi.

Mi problemstilling er: *”Kva skjer frå det oppstår bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon til denne bekymringa vert omsett til konkret handling i arbeid med born i ein barnehagekontekst?”*

Kva inneber deltaking i prosjektet?

Eg skal nytte meg av kvalitative intervju. Opplysningane som kjem fram vert brukt som data i bacheloroppgåva. Intervjuet vil innehalde spørsmål knytt til problemstillinga og dine erfaringar rundt dette. Spørsmåla vil dreie seg om relasjonen din til foreldre, bekymring og uro knytt til borns omsorgssituasjon, kunnskap og kva det gjer med bekymringar, bekymringsmeldingar og samarbeid med foreldre og barnevern. Eg ynskjer å ta intervjuet opp på bandopptakar, dersom dette er greitt for deg. Det vil berre vere eg som høyrer intervjuet, og det vil bli sletta når oppgåva er levert. Dersom bandopptakar ikkje er ønskeleg, kan eg notere.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Eg har teieplikt om alt eg får høyre i intervjuet. Du vert oppfordra til å ikkje nemne namn under intervjuet, dersom du likevel gjer dette, vert det anonymisert. Prosjektet avsluttast **24. mai 2019**. Bandopptaket vert då sletta.

Frivillig deltaking og samtykke

Etter at du har lese opplysningane ovanfor står du fritt til å sjølv avgjer om du vil delta i prosjektet. Du står fritt til å trekke deg på kva som helst tidspunkt, utan å oppgje grunn og utan at det får konsekvensar. Dersom du deltek i intervjuet reknast det som samtykke.

Student:

Victoria Næss Bø

Tlf.: 95 48 66 24

E-post.: Viclerheim@hotmail.com

Rettleiar:

Sollaug Burkeland

Tlf.: 41 22 24 16

E-post.: Sollaug.Burkeland@hvl.no